

Masfjorden kommune
v/Sveinung Toft
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Gjeld uteområdet ved Sandnes skule, arkivsak 21/494

Me viser til klage frå Leif Bjarne Haukeland og Marit Haukeland datert 31.03.22, sak 22/2998, endringsframlegg frå assisterande rådmann Sveinung Toft datert 09.06.22, sak 22/5141, samt skriv frå elevrådet ved Sandnes skule datert 06.10.22, sak 22/8183.

Me viser også til støymålingsrapport gjennomført av SWECO 18.10.22, tilstandsrapport frå Leikeplasskontrollen datert 08.05.22 og Sandnes områdeplan med arealplan-ID: 126620110002, revidert 24.09.2013.

Fjorårets FAU kom med uttale i saka, journaltført 06.07.22, sak 22/6155. Der påpeika dei blant anna at Elevrådet ved Sandnes skule ikkje hadde fått uttalt seg i saka, som i utgangspunktet hadde høyringsfrist 01.08.22. I tillegg er det utført støymåling frå ingeniørfirmaet SWECO i etterkant.

I høve nytt skuleår er FAU konstituert på ny, og noverande representantar i FAU ynskjer med dette å koma med uttale i forbindelse med klage frå Leif Bjarne Haukeland og Marit Haukeland, vedr. støy frå ballbane og grøntområde ved Sandnes skule, som inkluderar uttale frå Elevrådet og rapport frå utført støymåling. Me ynskjer også å gjenmgå alle sakas dokument som er sendt til kommunen frå Leif Bjarne Haukeland og Marit Haukeland, samt framlegg til endringar frå assisterande rådmann Sveinung Toft, og kommentera desse.

1. Slik me kan lese rapporten frå SWECO er høgste måling 68db, ved kast av ball på plata rundt basketballkorga som er nærast klagar. Det er då 8db høgare enn grenseverdien etter T-1442 "*Veileder om behandling av støy i arealplanlegging*" og IS-1693 "*Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg*".

Jfr. områdereguleringsplan for Sandnes med arealplan-ID: 126620110002 er område basketballbana ligg i definert som **Undervisning**. Grenseverdien er således irrelevant, då denne omhandlar nærmiljøanlegg, og det ikkje er støygrenser for støy frå skulegård.

Me undrar oss likevel på dei to målepunkta som er nytta, då det ut i frå teikninga ikkje ser ut til at det er gjort måling i frå tomt/hus/terrasse hjå klagar. Slik det kan sjå ut er det også ein god del høgdeforskjell i frå målepunkta og til terrasse hjå klagar. Kor mykje dette eventuelt utgjer vel me å ikkje spekulere i, men me har notert oss det.

Klagar refererer også til *Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg* i 5. avsnitt i klagen, kor klagar viser til at anbefalt veiledning for nærmiljøanlegg er at dei har 100 m avstand til bolig. Her ynskjer me å kommentera at sjølv om denne kan nyttast som grunnlag for nødvendige utbetreingar dersom aktivitetar ved anlegget medfører støyproblem for omgivnadane, har den som formål å sikra at støy som miljøfaktor vert tilstrekkeleg utreda og

vurdert **når nye anlegg blir planlagt og utforma**. Både revidert og opprinneleg versjon av denne veiledaren er av nyare dato enn både skulen med tilknytta skuleområde og nabo.

2. I tredje siste avsnitt av klagesak viser klagar til at hus og terrasseområdet ved sandkassen sårt treng renovering, då klagar sitt syn på desse er at dei er farlege for gjennomtråkking og med risiko for personskade. FAU vurderer det positivt at klagar bekymrar seg over skuleborna sin sikkerheit og velbefinnande, sjølv om dette ikkje er klagar sitt ansvar. FAU syner til tilstandsrapport frå Leikeplasskontrollen AS av 08.05.22 kor det ikkje er registrerte avvik på dei 2 leikehusa. I høve terasseområdet ved sandkassen er det fleire registrerte avvik med fleire hektefarar og råteskadar i konstruksjonen. FAU stiller seg bak klagar på dette området, og ser det nødvendig at tiltak for utbetring vert iverksett.

3. Klagar viser i nestsiste og siste avsnitt av klagen til at dei visste at eigedommen som dei kjøpte hadde ein skule som nabo, men at dei ikkje visste om at området fungerte som eit nærmiljøanlegg 24/7 og skulen som eit grendahus. I tillegg viser klagar også til at forrige eigar av av bustaden klaga over støy frå bilar som køyrer inn på skuleplassen og smell frå bildører som vert lukka.

FAU ynskjer først å kommentera at klagar var kjent med støy skissert frå tidlegare eigar, når klagar kjøpte eigedommen. Som beskriven i uttale frå fjorårets FAU fungerer skulen som eit samlingspunkt og kultursentrum på ettermiddag- og kveldstid med fleire ulike aktivitetar, noko som har ein svært stor grad av positiv innverknad i høve fellesskap og sosiale arena for både born og vaksne. Ser ein til andre kommunar er det slett ikkje uvanleg at skulebygg og skuleområde vert nytta til slike formål, og FAU kan ikkje sjå kvifor dette ikkje skal kunne vera tilfelle også i Masfjorden kommune, især då det begrensar seg kor mange tilrettelagte oppmøtestader for ei større folkemengd det fins i kommunen.

For å poengtera denne delen av klagen, ynskjer FAU også å understreka at bruken av skulebygg og området rundt til det som berre kan reknast som allmennlege formål til døgnets normaltider, ikkje er klagar sitt ansvarsområde eller som klagar skal ha beslutningsmedverknad i.

4. I overskrifta i klagen skisserer også klagar at ballbane og grøntområde rundt gjev støy grunna endra bruk. Her ynskjer me å visa til fjorårets FAU si uttale om at det som no er ei basketbane, i den opprinnelege planen var skissert som ei ballbane for dei yngste elevane, og at den vart opparbeidd i samband med at nybygget kom. Såleis har det ikkje skjedd ei endring i bruken av bana etter at klagar overtok naboeigedommen, og at elevane ikkje skal bli skadelidande for at klagar ikkje sette seg inn i bruken av skuleområdet før dei kjøpte.

Av grunnboksinformasjon er heimel til eigedomsrett til klagar datert 16.04.20.

FAU ynskjer her å kommentera at eigedommen således vart kjøpt under koronapandemien, som gjorde at skulen i ei periode var stengt og ved opning måtte elevane delast i kohortar og opphalda seg over eit større område for å begrensa smitte. Når ein no er tilbake til ein normal kvardag etter pandemien, er det naturleg at både aktivitetsnivå og støynivå frå den vanlege skulekvardagen naturleg vil verta gjenoppretta.

5. Klagar har kome med innspel etter synfaring ved Sandnes skule, datert 19.05.22, sak 22/4606. Her påpeikar klagar at det utanom skuletid manglar tilgang på sanitæranlegg og at det tilsynelatande vert utført nødvendig avtrede i naturområde, på skule og naustområdet, som er synleg for klagar. FAU er her usikre på kva avtrede dette er snakk om, men då det ikkje er bemerkta funn av ekskrement, er det truleg snakk om vannlating. FAU påpeikar igjen at ansvaret for dette ikkje ligg hjå klagar, då det ikkje er klagar si eigedom. Sannsynlegvis

ligg denne avgjerelsa hjå skulen og bestemmelsen om opne sanitæranlegg utanom skuletid må således skuleleiinga vurderer. Likevel kjem ofte trangen til nødvendig avtreden som kjerringa på julekvelden, og det er ikkje lett å halda på det ein ikkje har i handa. FAU ser at det kan vera uheldig viss denne avtreden skjer på skuleplassen, men då størsteparten av avfallsproduktet frå nyrene i følge store medisinske leksikon inneheldt vatn, ser ikkje FAU det store problemet i om nødvendig avtreden vert gjort i naturområde.

6. I høyringssvar frå klagar datert 22.07.22, sak 22/6393, peikar klagar på at den asfalterte vegen som går tvers over skuleplassen og den store grusplassen vert nytta som parkeingsføremål og at bruken lagar støy og farlege bil-born forhold, samt at det begrensar borns leikeareal.

FAU sin kommentar til dette innspelet er for det første at bruken og parkeringsføremål som klagar skisserer her, i dei aller fleste tilfelle skjer på ettermiddag- og kveldstid. Då skjer det gjerne aktivitetar på skulen, ofte innandørs, og behovet for leikeareal til borna kan då ikkje samanliknast med ein vanleg skulekvardag og friminutt.

Som på andre parkeringsplassar er det då óg ofte trangt og tett parkerte bilar, noko som stiller krav til at førar av kjøretøy må ta hensyn til mjuke trafikantar. FAU ser ikkje den store forskjellen på risikoen for påkøyrse/personskade på skuleplassen utanom skuletid kontra parkeringsplass ved eit hvilke som helst anna tett parkeringsområde.

7. FAU vil også dedikera eit eige avsnitt til Elevrådet som har uttalt seg i saka, og rosa dei for innspel som er komen. Elevrådet understrekar det som har blitt påpeika av andre uttalar i saka, frå elevane sitt perspektiv, kor dei belyser viktigheten av at born og unge er i aktivitet grunna helsefremmande fordelar både fysisk og psykososialt. Dei stiller spørsmål med kor dei skal vera aktive dersom dei ikkje kan vere det på området rundt skulen og viser til få samlingsplassar i kommunen. Dei peikar også på at dersom tilrådinga til kommunen med tidsavgrensning i bruk av basketbana vert ein realitet, fører dette til at ungdommar som går på vidaregåande skule ikkje rekk heim i tide. I tillegg vert det vist til at aktivitetane som skjer på skuleområdet er svært viktige for dei unge som bur i bygda, og ber kommunen om å tenkja på ungdommen i denne saka.

FAU ber også kommunen om å tenkja framtid og ynskje om fleire innbyggjarar/befolkningsvekst i Masfjorden kommune, kor nettopp eit attraktivt oppvekstområde er viktig for dei fleste. Skuleområdet med tidsavgrensning som skissert i endringsframlegg ser FAU på som svært uheldig også i denne samanheng.

Til sist vil FAU koma med innspel til endringsframlegg og dra fram forslag til tiltak skissert i konklusjonen i støyrapport frå SWECO:

1. Ein stillar seg undrande til at kommunen i det heile tatt rår til ei tidsavgrensning med tida som er skissert i endringsframlegg, og at kommunen vel å prioritera eit eldre ektepar opp mot ein heil skulekrins. Dette opplevast heilt urimeleg. Klagar visste om ved kjøp av eigedommen at denne grensa til Sandnes skule. Ein stiller seg undrande til at kommunen brukar ressursar på dette. Å avgrense tilgangen til skulen sine opningstider er me fullstendig i mot.
Her kjem FAU med innspel om at opningstida av skuleområdet vert halde slik som i dag, og at normalpolitivedtekt kapittel 2, §2-1 vert forventa i høve nattero mellom kl. 23.00 og 06.00.
2. Å byte ut basket stativa til ein meir støysvak type ser me på som heilt i orden, så lenge dette ikkje går i frå skulen sitt budsjett, eller budsjett meint til vedlikehald og drift av leikeapparat og liknande i skule/barnehage.

3. Å sette opp ein støyvegg langs tomtegrensa er for så vidt også i orden, så lenge det ikkje kjem i konflikt med leikearealet.
4. Å flytta og snu dei to hyttene ser me på som uproblematisk.
5. Å sette opp att gjerdet for skille mellom skule- og naturområde stiller me, som fjorårets FAU også gjorde, oss tvilande til og bør kun gjerast *dersom* dette medfører noko positivt sett frå skulen/elevane si side.

Mvh
FAU Sandnes skule